



Innkalling til Klagenemnda

Møtedato: 18.12.2019
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 14.00

Medlemmene i klagenemnda vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er på forfallskjema på kommunen si heimeside, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Sakliste

Saknr	Tittel
04/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
05/2019	Godkjenning av møteprotokoll
06/2019	GBNR 18/92 - Klage på løyve til opparbeiding av ny avkøyring - Sagstad

10. desember 2019

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Helene Hilland
konsulent

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/2336

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
04/2019	Klagenemda	PS	18.12.2019

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		19/2336

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2019	Klagenemda	PS	18.12.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Klagenemda - 11.09.2019

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møte 11.09.2019 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Marianne Aadland Sandvik	Gbnr-18/92, FA-L42	18/2307

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2019	Klagenemda	PS	18.12.2019

GBNR 18/92 - Klage på løyve til opparbeiding av ny avkøyring - Sagstad

Vedlegg:

Avslag GBNR 1892 - Søknad om avkøyrsel
GBNR 18/92 – Klage på avslag for ny avkøyrsel
GBNR 18/92 - Klage på avslag til søknad om opparbeiding av ny avkøyring - Sagstad
Søknad om ny avkøyrsel til kommunal vei GBNR 18/92
E-postmelding - Søknad om ny avkøyrsel til kommunal vei, gbnr 18/92, Sagstad
D-1_2892_A-100_Situasjonsplan
D-2_2892_A-105_Snuareal
E-1_2892_A-215_Snitt_Mur
E-2_2892_A-220_Detaljer_Mur
E-3_2892_A-315_Perspektiv
E-4_2892_A-320_Perspektiv
E-5_2892_A-230_Lengdeprofil_Avkøyrsel
Uttale til søknad om ny avkøyrsel GBNR 18/92
Uttale til søknad om ny avkøyrsel GBNR 18/92
Avslag GBNR 18/92 - Søknad om avkøyrsel
I-1 Søknad om ny avkøyrsel - gnr 18 bnr 92 Meland
Søknad om etablering av ny avkøyrsel til kommunal vei, GBNR 18/92
E-5_2892_A-230_Lengdeprofil_Avkøyrsel
Søknad om etablering av ny avkøyrsel
D-1_2892_A-100_Situasjonsplan
D-2_2892_A-105_Snuareal
E-1_2892_A-215_Snitt_Mur
E-2_2892_A-220_Detaljer_Mur
E-3_2892_A-315_Perspektiv
E-4_2892_A-320_Perspektiv
Klage vedrørende avslag på søknad - GBNR 18/92
Følgeskriv
Tilleggsinformasjon til sak 51/2019 UDU
Konsekvensutgreiing Kommuneplan arealdel Øvre Sagstad 4
Klage på vedtak - Løyve til ny avkøyrsl til næringsområde Øvre Sagstad - GBNR 18/92 - Meland kommune
GBNR 1892 - Klage på avslag til søknad om opparbeiding av ny avkøyring - Sagstad (537630).PDF
Uttale til søknad om ny avkøyrsel frå gnr. 18 bnr 92 i Meland kommune.PDF

AcosSvarInn.xml

Saksopplysningar:

Tiltak:

BNK Eigedom AS har søkt om løyve til opparbeiding av ny avkøyring frå gbnr. 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad.



Utforming av avkøyringa er vist i kartutsnittet under:



Sakshistorikk:

BNK Eigedom AS, ved Helgesen Tekniske Bygg, søkte den 21.9.2018 om etablering av ny avkøyring frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Med ny avkøyring ønskjer tiltakshavar å legge til rette for utbygging av ein bygning på 702 m² bebygd areal (BYA). Før kommunen handsama søknaden vart den sendt til uttale til Statens vegvesen. Vegvesenet uttalte seg i saka. Sjå vedlegg, journalført motteke 31.10.2018.

Rådmannen avsla søknaden den 2.11.2018. BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma og Helgesen Tekniske Bygg søkte på ny den 26.3.2019 om etablering av avkøyring frå GBNR 18/92 til kommunal veg Øvre Sagstad. Det var ikkje gjort endringar i utforminga av den omsøkte avkøyringa,

men søker hadde flere merknadar til kommunen sitt avslag datert 2.11.2018.

Rådmannen avslo på nytt søknaden den 23.4.2019. BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma klaga på vedtaket den 14.5.2019.

Utval for drift og utvikling handsama klaga i møte den 11.6.2019, sak 51/2019. Utvalet fatta følgjande vedtak:

«Utval for drift og utvikling tek ikkje klage frå BNK Eigedom ved Alvheim & Hansen Advokatfirma, datert 14.5.2019, til følgje. I medhald av veglova § 40 andre ledd vert det ikkje gitt løyve til etablering av ny avkøyrse frå gbnr. 18/92.»

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering over.

Utval for drift og utvikling ser positivt på næringsutvikling, men vil råda søker til å sjå på betre løysingar for tiltaket.»

Den kommunale klagenemnda handsama klaga i møte den 11.9.2019, sak 03/2019. Klagenemnda fatta følgjande vedtak:

«Klagen blir tatt til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert. Det må setjast i verk tiltak for å betra trafikktryggleiken i området, i samråd med Statens vegvesen, før tiltaket kan startast opp.»

Ettersom vedtak i klagenemnda er endeleg, vart ikkje vedtaket sendt til sektormynde for klagevurdering.

Statens vegvesen er gjort kjent med vedtaket gjennom brev frå Helgesen tekniske bygg den 31.10.2019. På bakgrunn av dette har vegvesenet klaga på klagenemnda sitt vedtak i brev datert 21.11.2019.

Om innhaldet i klaga:

Statens vegvesen skriv følgjande i si klage datert 21.11.2019:

Statens vegvesen viser til vilkåret i vedtaket om at det skal settast i verk trafikktryggingstiltak i samråd med oss. Etter vårt syn må slik avklaring av naudsynte tiltak vere del av vedtaket dersom saka skal vere godt nok opplyst ved vedtakstidspunkt. Vi syner til forvaltningslova § 17 første ledd, som slår fast at saka skal vere så godt opplyst som mogleg før vedtak. Det er difor ein sakshandsamingsfeil at det ikkje var avklart før vedtaket kva tiltak som kunne være aktuelle, eller om det i det heile var mogleg å gjere slike tiltak.

Vi stiller vidare spørsmål ved at kommunen ber Statens vegvesen avklare tiltak på kommunalt vegnett, kv. 33.

I denne saka er ei vesentleg del av utfordringa knytt til dårleg kryssutforming mellom fv. 5308 og kv. 33. Etter vår vurdering vil det vere svært kostnadskrevjande å utbetre krysset, om ikkje umogleg. Vilkalet klagenemnda har sett kan etter vårt syn ikkje innfriast. Aktuelt vilkår vert innleia med: «Det må setjast i verk...». Slik vedtaket sjølv er formulert er vilkåret ein absolutt føresetnad for at klagen vart teke til følgje. Av vedtaket sjølv følgjer også at tiltak skal setjast i verk «...i samråd...» med oss.

Når vår vurdering er at topografien og andre tilhøve ikkje gjer det praktisk mogleg å etablere effektive trafikktryggingstiltak, er vedtaket etter vårt syn bygd på ein feil føresetnad som har vore avgjerande for resultatet. Ein kan også sei at vedtaket er bygd på feil faktum fordi nemnda feilaktig har trudd at det var mogleg å gjere effektive trafikktryggingstiltak.

Når eit vedtak er bygd på slike feil på eit avgjerande punkt for vedtaket, er det etter vanleg juridisk lære å sjå som eit ugyldig vedtak.

Etter vårt syn er sakshandsamingsfeilen som brotet på forvaltningslova § 17 utgjør, ein feil som truleg har innverka på vedtakets konklusjon. Vedtaket er dermed ikkje gyldig etter forvaltningslova § 41.

Vi krev difor at klagenemnda sitt vedtak av 11.09.2019 opphevast.

Det vert vist til klage i si heilskap.

Vurdering:

På bakgrunn av klaga og opplysningane i saka elles, skal den kommunale klagenemnda, formannskapet, ta stilling til om det er grunnlag for å halde fast ved dei vurderingane som er gjort tidlegare i saka.

Rådmannen viser til saksutgreiing og vurdering som vart gjort i framlegg til vedtak for klagenemnda til sak 03/2019, den 11.9.2019, som grunnlag for vidare vurdering.

Forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd andre ledd siste setning legg til grunn at «*[d]ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken.*»

Det følger av fvl § 28 tredje ledd første setning at «klageinstansens vedtak i klagesak ikke (kan) påklages».

Ettersom den kommunale klagenemnda er klageinstans for avgjerd etter veglova § 40 andre ledd, kan ikkje vedtak av 11.9.2019, saknr. 3/2019, klagast på. Informasjonen i saksframlegget til klagenemnda om at sektormynde har klagerett ved endring av rådmannen sitt vedtak av 23.4.2019, i sak 98/2019, var dermed feil. Vedtaket frå klagenemnda vart av den grunn ikkje sendt til Statens vegvesen for klagevurdering.

På bakgrunn av det ovannemnde kan ikkje kommunen handsame brevet frå vegvesenet som ein klage på klagenemnda sitt vedtak av 11.9.2019, i sak 03/2019.

Statens vegvesen sin påstand er at det ligg føre sakshandsamingsfeil då saka ikkje har vore godt nok opplyst for klagenemnda sitt vedtak, jf. fvl § 17, og at dette er ein feil som truleg har verka inn på vedtaket til klagenemnda, jf. fvl § 41.

Etter fvl § 35 første ledd bokstav c) kan kommunen gjere om sitt eige vedtak utan klage dersom «vedtaket må anses ugyldig». Føresegna gir også klageinstansen grunnlag for å gjere om sitt eige vedtak i klagesak.

Fvl § 17 første ledd legg til grunn at «[f]orvaltningsorganet skal påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes» [rådmannen si understreking]. I føresegna ligg det ei utreiingsplikt for forvaltninga, under dette kalt undersøkingsprinsippet. Det må etter dette vurderast om klagenemnda sitt vedtak av 11.9.2019, i sak 03/2019, er ugyldig fordi saka ikkje har vore tilstrekkeleg opplyst.

Statens vegvesen fekk tilsendt søknaden for uttale i oktober 2018, og kom med uttale til søknaden i brev den 31.10.2018. Dei rådde i frå å gje løyve til opparbeiding av omsøkt avkøyring og viste blant anna til følgjande:

Næringsområdet Øvre Sagstad har i dag tilkomst frå ein kommunal veg, der kryssutforminga med fv. 244 lei trafikken mot Sagstad skule. Det er ikkje ønskeleg at kommunen gir løyve til tiltak som aukar trafikken i dette krysset, ettersom dette aukar biltrafikken på fv. 244 forbi Sagstad skule der tilhøva er dårlege.

Tiltakshavar har difor sett på muligheita for å lage ny tilkomst til næringsområdet, frå den kommunale vegen som ligg vest eigedommane. Denne vegen kjem ut i fv. 244 med ein kryssutforming som gjer det unaturleg å køyre mot Sagstad skule. Isolert sett løyser dette problemet med auka trafikk forbi skuleområdet. Det er derimot ei utfordring at krysset med fv. 244 har svært dårleg både horisontal og vertikalgeometri, og likeeins er siktilhøva svært dårlege. Dette er difor ei løysing vi vil rå i frå, av omsyn til trafikktryggleik i krysset.

Etter vår vurdering er det ikkje vist løysingar for trafikksikker tilkomst til næringsområdet, og det ligg difor ikkje til rette for vidareutvikling av dette området no. Når tilhøva for mjuke trafikantar langs fv. 244 er betra meiner vi saka kan vurderast på nytt.

Rådmannen finn at ettersom søknaden har vore på uttale, og vegvesenet har fått uttalt seg, så har saka vore så godt opplyst som mogleg. At klagenemnda set eit vilkår i strid med uttalen frå vegvesenet, kan ikkje rådmannen sjå har betydning for saka si opplysing etter fvl § 17. Vi kan dermed ikkje sjå at vedtaket er ugyldig av den grunn, jf. fvl § 17, jf. § 35 første ledd bokstav c).

I vedtak 03/2019, datert 11.9.2019, stilte klagenemnda vilkår om at det må setjast i verk tiltak for å betra trafikktryggleiken i område, i samråd med Statens vegvesen, før avkøyringa til den kommunale vegen kan opparbeidast. Spørsmålet er om klagenemnda har heimel til å stille eit slikt vilkår.

Klagenemnda gav løyve til opparbeiding av avkøyring på vilkår, med heimel i veglova § 40 andre ledd. Ordlyden i føresegna gir ikkje grunnlag for å setje vilkår. Rettspraksis har til tross for dette anerkjent ein viss adgang til å setje vilkår for ved begunstige vedtak etter den ulovfesta vilkårlæra, jf. blant anna i Rt. 2003 s. 764, på side 61, der det står at «*[f]orvaltningsmyndigheten kan stille vilkår som tjener til å motvirke de skadevirkninger eller ulemper som elles kan følge av vedtaket*». Vilåret som blir stilt må likevel ha sakleg samanheng med lova sine formål og dei samfunnsmessige oppgåver lova skal ivareta, samt at vilåret må vere forholdsmessig i forhold til det godet som ein oppnår ved løyvet. Kor vide vilkår ein kan setje vil bero på ei konkret tolking av lova sin ordlyd, formål og forarbeid.

Formålet med veglova er å «*tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid er tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles*», jf. veglova § 1a).

Klagenemnda tok klage frå BNK Eigedom AS til følgje, og gav løyve til opparbeiding av ny avkøyring, under føresetnad av at trafikktryggleiken i området vert betra. Rådmannen si vurdering er at dette vilåret har sakleg samanheng med veglova sine formål og dei samfunnsmessige oppgåver som veglova skal ivareta, og var dermed nødvendig for at ein skal kunne opparbeide ny avkøyring.

Vidare meiner rådmannen at vilåret er forholdsmessig for det løyvet som vart gjeve, ettersom ei ny avkøyring vil få konsekvensar for trafikken i området. Som Statens vegvesen skreiv i sin uttale den 31.10.2018, er det utfordringar med krysset mellom kv. 33 og fv. 244. Krysset har dårleg både horisontal- og vertikalgeometri, og sikttilhøva er dårlege. Ei utbetring av krysset vil difor vere eigna til å betre trafikktryggleiken, som igjen er nødvendig for å kunne opparbeide ny avkøyring til kv. 33. Det er dermed balanse mellom målet (ny avkøyring) og middelet (vilåret).

Etter ei gjennomgang av saka er det rådmannen si vurdering at vilåret som klagenemnda stilte, er gyldig, jf. den ulovfesta vilkårlæra. Vedtaket er dermed gyldig, og det er ikkje grunnlag for omgjerung etter fvl § 35 første ledd bokstav c). Vi meiner likevel at klagenemnda bør presisere vilåret, slik at innhaldet vert tilstrekkeleg klart. Endringa inneber ikkje ei endring av realiteten, og vil difor ikkje vere til skade for tiltakshavar, jf. fvl § 35 første ledd bokstav a).

I vedtak datert 11.9.2019, i sak 03/2019, står det følgjande:

«Klagen blir tatt til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert. Det må setjast i verk tiltak for å betra trafikktryggleiken i området, i samråd med Statens Vegvesen, før tiltaket kan startast opp.»

Rådmannen vil rå klagenemnda til å gjere om på vedtak frå 11.9.2019, i sak 03/2019, slik:

«Med heimel i forvaltningslova § 35 første ledd bokstav a), gjer den kommunale klagenemnda om vedtak i sak 03/2019, datert 11.9.2019. Klage frå BNK Eigedom AS, ved Alvheim & Hansen Advokatfirma, datert 14.5.2019, blir teke til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA

Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert. Løyve vert gitt med følgjande vilkår:

- Søkjar må avklare med Statens vegvesen om krysset mellom kv. 33 og fv. 244 kan opparbeidast i tråd med vegvesenet sine krav.
- Viss krysset kan opparbeidast i tråd med vegvesenet sine krav, må krysset vere opparbeida og godkjent av vegvesenet før omsøkt avkøyring kan opparbeidast.»

Framlegg til vedtak:

Med heimel i forvaltningslova § 35 første ledd bokstav a), gjer den kommunale klagenemnda om vedtak i sak 03/2019, datert 11.9.2019. Klage frå BNK Eigedom AS, ved Alvheim & Hansen Advokatfirma, datert 14.5.2019, blir teke til følgje. Klagenemnda viser til konsekvensutgreiing for KPA Meland kommune, datert 12.03.2015 der tiltaket blir vurdert. Løyve vert gitt med følgjande vilkår:

- Søkjar må avklare med Statens vegvesen om krysset mellom kv. 33 og fv. 244 kan opparbeidast i tråd med vegvesenet sine krav.
- Viss krysset kan opparbeidast i tråd med vegvesenet sine krav, må krysset vere opparbeida og godkjent av vegvesenet før omsøkt avkøyring kan opparbeidast.